

Grunneiere/rettighetshavere

**Vår dato:** 09.11.2022

**Vår ref.:** 202102468-47 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **NVE har gjeve Statnett SF, Eviny Fornybar og BKK Nett AS konsesjonsløyve og samtykke til oreigning til Dalekvam transformatorstasjon**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag gjeve Statnett SF, Eviny Fornybar AS og BKK Nett AS konsesjon for bygging av Dalekvam transformatorstasjon i Vaksdal kommune i Vestland fylke. NVE gir òg løyve til endringar på Elvevegen og kryss mot Dalevegen, Hestavollen og Sandlivegen, og til å gjere endringar på ein kai på Garnes i Bergen kommune for å kunne transportere inn ny transformator.

NVE gir òg oreigningsløyve for naudsynt grunn og tilkomst for å gjennomføre tiltaka.

Det er forventet ein stor auke i straumbruk i Bergen og omland. Statnett gjer no fleire tiltak for å tryggje forsyninga i dette området, mellom anna å byggje Dalekvam transformatorstasjon som no får konsesjon. Den nye stasjonen vil etablerast på same tomt som eksisterande Dalekvam koblingsstasjon, men vil bli større enn dagens stasjon i areal og anlegg. NVE meiner tiltaket er naudsynt, og at ulempene ved tiltaka under anleggsfasen kan avbøtast på ein god måte.

Vaksdal kommune har reist motsegn til tiltaket grunna verknader for innbyggjarar, for natur- og kulturmiljøet, og for kommunen si eiga verksemd. Kommunen krev at NVE avslår søknaden eller sett ein rekke vilkår i konsesjonen. NVE har fatta eit vedtak som ikkje inneheld alle vilkåra som kommunen krev. NVE vil difor sende vedtaket til Olje og energidepartementet for endeleg avgjerd om ikkje Vaksdal kommune trekker motsegna innan tre veker.

Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet og notatet "Bakgrunn for vedtak" av i dag er tilgjengelege på [www.nve.no/7580/A](http://www.nve.no/7580/A).

Oreigningsløyvet gjeld naudsynt bruksrett til riggplassar, veger og kai og eigedomsrett til tomt for transformatorstasjon.

### **Partsinnsyn**

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.



### **Klage**

Du kan klage på avgjørdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Olje- og energidepartementet.

Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer  
seksjonssjef

Tor Carlsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*